

Sentralbord: 55 21 33 00
Telefaks: 55 21 33 01
Red. e. kl. 16.00: 55 21 33 13

Bontelabo 2, 2. etasje
N-5003 Bergen

Tromsø:
Telefon: 77 66 56 80
Telefaks: 77 66 56 90

Bodø:
Telefon: 75 54 49 21
Telefax: 75 54 49 27

Ålesund:
Telefon: 70 15 65 45
Telefaks: 70 15 65 47

Leknes i Lofoten:
Telefon: 76 08 24 90
Telefax: 76 08 27 06

Bø i Vesterålen
Telefon: 76 13 55 15
Telefax: 76 13 55 16

redaksjonen@fiskaren.no
annonse@fiskaren.no
abonnement@fiskaren.no



NY ART: Reka «*Altelatipes falkenhaugae*» er kalla opp etter den norske forskaren Tone Falkenhaus ved Havforskningsinstituttet sin stasjon i Flødevigen ved Arendal. Namnet har reka fått etter tilråding frå ein fransk og ein russisk forskar. FOTO: ALAIN CROSNIER.

Gav namn til reke

Bergen Under eit tokt i 2004 fann norske forskarar seks individ av ein ny type reke. Det vesle sjødyret er i dag kalla opp att etter forskaren Tone Falkenhaus ved Flødevigen i Arendal.

Helge Arild Bolstad
helge.bolstad@fiskaren.no

Det var under det omfattande MAR-ECO- toktet langs Den midtatlantiske rygg dei seks rekene vart henta om bord i «G. O. Sars» frå fem ulike stader nord for Azorane. Rekene vart funne på djupner frå 700 til 2000 meter. Og då forskarane kom attende til den stasjonen Havforskningsinstituttet har i Flødevigen, vart det oppdaga at desse seks individ ikkje passa heilt med dei rekeartar som er kjende frå før.

Men ekspertisen på reker er noko avgrensa i vårt land, fortel Tone Falkenhaus. Derfor vart ein russisk ekspert først invitert til Norge for å delta i identifikasjonsarbeidet.



OPPDAGAREN: Rekeeksperten Tone Falkenhaus ved HI-avdelinga i Arendal hadde i 2004 med seg heim seks individ av ein rekeart som ikkje har vore registrert før. FOTO: HI.

Alexander Vereshchaka meinte óg at dette måtte vere ein ny art. Men heilt sikker var han ikkje, og rekene blei difor sende vidare til Paris og til den særdeles kunnige ekspertten der, Alain Crosnier. Så noko av det siste han gjorde før han pensjonerte seg, var å slå fast at dette var ein ny rekeart..

Andre må gje namn
Som ein konsekvens av funnet frå MAR-ECO meinte franskmannen at også to andre rekeslag måtte bli med denne

nyoppdaginga inn i ei ny slekt som har fått namnet «*Altelatipes*».

At den nyerekearten har fått namn etter Falkenhaus, kan forskaren i Flødevigen takka dei utanlandske ekspertane for.

Det er nemleg ikkje lov sjølv å gje namn til nye artar som ein finn. Det er også dei utanlandske rekeekspertane som skil-drar den nye arten. Dei er no i ferd med å publisere ein vitskapleg artikkel kring denne nye oppdaginga.

– Det er sjølvsagt ei ære, dette. Men eg er sant å seie litt usikker på om eg fortener oppstusset, fortel Tone Falkenhaus til Fiskaren.
– For ein forskar er det naturlegvis særdeles spennande å råke borti heilt nye artar. Meg har slikt ikkje skjedd før, legg ho til.

Detaljar som skil
– Du er ikkje redd for at du får tilnamnet «reka» etter det?
– Uff. Eg har visst alt fått det.

Det er detaljar som skil «*Altelatipes falkenhaugae*» frå dei andre artane i slekta.

Mellom desse ein kjøll som rekene har på ryggen og kjønnsorganet, fortel Falkenhaus.

Opparbeiding av alt rekemateriale frå toktet i 2004 har gått føre seg i Arendal.

” Eg er sant å seie usikker på om eg fortener oppstusset.

Tone Falkenhaus, forskar.

Arbeidet har Tone Falkenhaus hatt med seg Endre Willassen frå Universitetet i Bergen, Hege

Øverbø Hansen ved Havforskningsinstituttet og Marit Christiansen frå Universitetet i Oslo. Dei seks nye rekeindivid skal takast vare på ved Bergen Museum, til liks med alt anna som vart henta heim til Norge etter MAR-ECO-ekspedisjonen.

– Så du har ikkje kokt og smaka på ei einaste av dei?

– Nei. Men at rekene er etandes, er sikkert.

Dei er på storleik med dei rekene me kjenner frå butikken. Men nett denne arten finst nok ikkje i særleg store mengder. Så kommersielt er den uinteressant, slær forskaren fast.

25 år:

For første gang i Nord-Norge har noen klart å temme torsk og sei. Fiskene ved Simo havlaks i Akkarfjord er tam og blir matet med den samme type fôr som laksen i de andre mærene får.

Både torsken og seien er feit og fin.

Fiskaren 10. des. 1982.

plukkfisk:

Den himmelske

En prest venter på å slippe inn Himmelpporten. Foran ham i køen står en mann i skrikende klær, og solbriller.

St. Peter spør denne hvem han er, da han må finne ut hva slags status han skal ha.

– Jeg er Joe Valenti, og jeg var drosjesjåfør i Ny Jårk.

St. Peter ser i protokollen sin, og utstyrer ham med stav og silkekappe, og slipper ham inn.

Så er turen kommet til presten.

– Jeg er fader Sebastian ved domkirken i Brooklyn. St. Peter sjekker protokollen sin igjen og gir han ham en bomullskappe og en stav, og åpner porten.

– Vent litt, sier presten. Han var drosjesjåfør, og jeg var en fremstående prest. Hvorfor får han en silkekappe, mens jeg må gå med bomull?

– Du forstår, her går vi etter resultater. Mens du prekte, sov forsamlingen, men mens han kjørte, satt passasjerene og ba.

Den kirkelige

Presten tittet utover de tomme benkradene en søndag og ojet seg...

– Det har ikke kommet et eneste menneske i kirken i dag! Selv ikke organisten, så hvem skal spille? surte presten gamle kirketener Antonsen.

– Brann - Rosenborg!

Den forklarende

Presten gikk tur med sine små nevøer da de så to hunder pare seg.

– Hva gjør de ? spurte den ene.

– Jo, sa presten, den ene er blind, og den andre dytter han hjem!